



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Kultur- og aktivitetseininga	Eileen M Feste
	Arkivnr.: 14/339	Klassering:

### Avvikling av Samlelegat i Lindås kommune

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i styret for Samlelegatet i Lindås

Saka skal avgjerast av Lotteri- og Stiftelsestilsynet, 6805 Førde

#### Bakgrunn

I 2002 vedtok Lindås kommunestyret å slå saman 5 legat med ulik alder og ulik storleik. Dette var legat som vart overført frå tidligare Hamre og Alversund herad, men som ikkje hadde vore noko aktivitet i på fleire år. Det nye legatet fekk namnet «*Samlelegat for Lindås kommune*».

Legatet har følgjande føremål;

*Styret kan kvart år dele ut fire femdelar av renteinntektene til desse føremåla;*

- Til familiar i Lindås som på grunn av ulukke, sjukdom eller andre uheldige omstende har kome i ein vanskeleg økonomisk situasjon.*
- Til personar i kommunen som innan landbruket utviklar ny næring knytt til garden*
- Til personar som arbeidar med utgjeving av bygdebøker i kommunen*

Lindås kommunestyret har gjort følgjande vedtak i sk 63/15 «Etablering av Lindås kulturminnefond»;

*Pkt 5. Rådmann får fullmakt til å søkja Stiftelsestilsynet om å få oppløyse Samlelegat for Lindås kommune. Midlane skal tilførast kulturminnefondet.»*

Pr 31.12.18 er saldo i Samlelegat for Lindås kr 530.921, inklusiv renter for 2018 kr 7.891.

## Vurdering

Det er Lindås kommune som eigar av Samlelegat som har bede styret avvikle legatet. Det er Stiftelsestilsynet som kan omdanne stiftingar.

Med bakgrunn i «Lov om Stiftingar», vert det med dette søkt om å avvikle Samlelegat for Lindås med følgjande grunngeving:

Jmf Stiftelsesloven §46, ledd a;

*Omdanning kan foretas når en bestemmelse i vedtektene eller den rettslige disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen*

*a. Ikke lar seg etterleve, for eksempel fordi stiftelsens kapital er utilstrekkelig til å tilgodese dens formål på en rimelig måte,*

Som det går fram av sak 63/15 «Etablering av Lindås kulturminnefond», er det ikkje politisk vilje i kommunestyret til å styrkje legatets eige kapital.

I samband med Stortingsvedtak om kommune- og regionsreform, skal Lindås-, Meland- og Radøy kommune inngå i ein ny kommune frå 01.01.2020. Den nye kommunen skal heite Alver kommune. Lindås kommune vil med bakgrunn i dette, frå 01.01.2020 opphøyra som eige juridisk eining.

## Søknadsfond eller avkastningsfond

Samlelegat for Lindås er eit avkastningsfond, dvs at styret kan kvart år dele ut fire femdelar av renteinntektene. Pr 31.12.18. utgjer fondet kr 530.921.69, inklusiv renter for 2018 kr 7.891. 4/5 av renteinntekta kan deles ut. I 2019 utgjer det kr 6.312.

Avkastning på fondet er låg etter dagens rentenivå. Rentenivået i Norge er forventa å halde seg relativt låg dei neste åra. Ein kan difor ikkje forventa særleg større avkastning enn 2018 nivå. Om ein ønskjer å tildele midlar utifrå avkastning fondet gjev, vil det vere få prosjekt som får midlar, og dei som får støtte, vil få lite. Fondet vil vere lite attraktiv.

## Styrets vurdering

Eigar av legatet, Lindås kommune, har uttrykt ønskje om at legatet blir avvikla. Kommunestyret ønskjer ikkje å styrkje eige kapitalen i legatet. Når kapitalen er oppbrukt, vil legatet i praksis vere avvikla.

Avkastning på fondet er låg etter dagens rentenivå. Rentenivået i Norge er forventa å halde seg låg dei næraste åra. Ein kan difor ikkje forventa særleg større avkastning enn 2018 nivå. Dersom ein ønskjer å tildele midlar utifrå avkastning fondet gjev, vil det vere få prosjekt som får midlar, og dei prosjekta som får, vil få lite.

Om ein vel å endre vedtekta slik at ein kan dele ut av sjølve eigekapitalen i fondet, vil det kunne føre til at fleire kan få meir midlar. Men dette vil føre til at fondet vert redusert til til kr 0 og at fondet i praksis er avvikla.

Styret rår til at kapital i Samlelegatet – kr 530.921,69, inkl renter, vert overført Lindås kommune «Kulturminnefond».

## **AVVIKLING AV SAMLELEGAT FOR LINDÅS**

### **Pkt 1**

**Namn/føretaksnamn:** Samlelegat for Lindås kommune  
**Organisasjonsnummer:** 984856814  
**Kontaktperson:** Styreleiar Astrid Aarhus Byrknes - ordfører i Lindås kommune  
**Telefon:** 91 38 06 88  
**Epost:** ordfører@lindas.kommune.no

### **Pkt. 2 Plikt til å vurdere mindre inngripande tiltak enn oppheving, jmf stiftelsesloven §47**

Om ein vel å endre vedtekta slik at legatet vert ei søknads- og ikkje eit avkastningsfond, vil det kunne føre til at fleire kan få meir midlar. Dette vil få som konsekvens at fondet vert redusert til kr 0 og at fondet i praksis vil vere avvikla.

Det er etter styrets syn ingen alternativ av Samlelegat for Lindås grunna;

1. Det er ikkje politisk vilje til å tilføre legatet kapital (jmf Stiftelseslova §46, a). Lindås kommune som eigar har bede styret i legatet om å søkje Stiftelsestilsynet om avvikling.
2. Lindås kommune opphøyrar som eige juridisk eining frå 01.01.2020

### **Pkt 3. uttale frå opprettar**

**Lindås kommune – vedtak i sak 063/15 – «Etablering av Lindås kulturminnefond»;**

*5. Rådmannen får fullmakt til å søkja Stiftelsestilsynet om å få oppløyse Samlelegat for Lindås kommune. Midlane på kr 530.921,69 (inkl avkastning 2018 – kr 7.891) skal tilførast kulturminnefondet.*

Det er opprettar sjølv, Lindås kommune, som har bede om at legatet vert oppløyst.

### **Pkt 4. Vedtak frå styret , jmf Stiftelseslova § 48**

Styret i Samlelegatet vedtek å søkje Stiftelsestilsynet om at *Samlelegat for Lindås kommune* vert avvikla.

Styret har ingen kjennskap til at det er kreditorar til buet.

Styret har følgjande framlegg til avviklingsstyret

Namn	Fødselsdato	Heimeadresse	Verv
Astrid Aarhus Byrknes	09.04.1963	Oterhaugane 18 A, 5914 Isdalstø	Ordførar
Ørjan Raknes Forthun	13.07.1968	Brønnsdalsåsen 38 5176 Loddefjord	Rådmann
Mette Marie Træland	14.07.1960	Kyrkjevegen 65 5911 Alversund	Kommunestyremedlem

#### **Pkt 5. Grunngeving for oppheving, jmf Stiftelseslova § 46**

Det er ikkje politisk vilje til å tilføre legatet kapital (jmf Stiftelseslova §46, a). Lindås kommune som eigar har bede styret i legatet om å søkje Stiftelsestilsynet om avvikling (jmf ksak 63/15 «Etablering av Lindås kulturminnefond»).

*Lindås kommune opphørar som eige juridisk eining frå 01.01.2020. Då blir Lindås kommune del av Alver kommune.*

#### **Pkt 6 Vedtak om bruk av resterande midlar, jmf stiftelseslova §47 andre ledd**

Saldo for Samlelegat for Lindås kommune er pr 31.12.18 kr 530.921.69 (ink avkasting 2018).

Styret ber om at midlane vert overført «Lindås kulturminnefond». Lindås kommune har vedtatt Kulturminneplan for perioden 2011-2021. Det er denne plan som må leggjast til grunn for kva for prioriteringar Lindås kommune må ha på kulturminnefelt.

#### **Pkt 7 Forslag til avviklingsstyre, med medlemmene sine fødselsdato, heimstadsadresse, og kven som leiar avviklingsstyret**

Styret i Samlelegat for Lindås har i møte 23.01.2019 gjort vedtak om avvikling av Samlelegat.8

Styret har følgjande framlegg til avviklingsstyret:

Namn	Fødselsdata	Heimstadsadresse	Verv
Astrid Aarhus Byrknes	09.04.1963	Oterhaugane 18 A, 5914 Isdalstø	Ordførar
Ørjan Raknes Forthun	13.07.1968	Brønnsdalsåsen 38 5176 Loddefjord	Rådmann
Mette Marei Træland	14.07.1960	Kyrkjevegen 65 5911 Alversund	Kommunestyremedlem

#### **Pkt 8 Opplysningar om kreditorar**

Styret i Samlelegat for Lindås har inga kjennskap til at det er kreditorar til buet.

.....

**Vedlagte saksdokument:**

073 2017 etablering av ny kommune	241449	16.08.2018
063 15 Etablering av Lindås kulturminnefond	241465	16.08.2018

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost